



# Årsmelding 2017

## Volda & Ørsta

### Himmelseglarlag



Styret i 2017 har vore:

Styret	Navn
Leiar	Kåre Georg Myklebust
Nestleiar	Kyrre Svanøy
Kasserar	Asbjørn Andersen
Styremedlem	Robert Sætre
Styremedlem	Øystein Spørstøl
Styremedlem	Leif Gunnar Brandal (trekte seg i august)
Varamedlem	Dag Brekke
Varamedlem	Matias Brekke



## Medlemar

Ved inngangen til 2017 hadde vi 31 medlemar og ved utgangen hadde vi 43 medlemar, ei auke på 12 medlemar.

## Møter

Vi har hatt 7 styremøter med 51 saker og 2 klubbkveldar, derav 1 var julebord.

## Kurs

Vi arrangerte SIV-kurs i Dalsfjorden 9.-11. juni 2017. Her deltok 16 elvar og 15 vart uteksaminert.

Det er ett PG kurs på gang med seks elevar og ett SPG kurs, også med seks elevar.

## Klubbstyr

- Tandemskjermen, - vart sjekka av fagleg leiar tidleg på året og godkjend for bruk.

## Tandem

Styret har, grunna skjerping frå NLF si side, laga nye retningslinjer for flyging med tandem i klubbens regi. Info om nye regler har alle fått tilsendt på mail og er lagt ut på heimesida.

## Aktivitet

Vi i styret har jobba for å auke aktiviteten i klubben. Vi har i dag SMS-varsling som er flittig brukt når folk skal ut å flyge eller gi beskjeder når der er aktivitet på Bondalseidet med opne boksar. Vi har oppdatert flyreglene for Bondalseidet, og vi anbefaler at alle set seg inn i desse. Dei finn ein på [www.himmelseglarane.no](http://www.himmelseglarane.no).

## Klubbhus på Eitrefjell

Der har vi hengt opp ei nøkkelboks med nøkkel i, slik at alle medlemane skal få tilgang.

## Sydstarten på Bondalseidet

Det har blitt satt opp ei ny flaggstang til vindpølse, og vi har bestilt eit kartbord som blir satt opp når snøen forsvinn.

## Økonomi

Styre har styrt økonomien godt, slik at vi hadde eit overskot i 2017 på kr 31 849,96, mot eit budsjett på 6 000,- i overskot. Mykje av dette skuldast innsatsen til Kåre Georg, som saman med andre i styret har tatt initiativ til kurs og aktivitetar.

## Flyaktivitet

Sjølv om det dette året har våre mykje vind, har medlemane likevel hatt mange gode turar, både ute på øyane og på Bondalseidet, Strandafjellet og i Loen, i tillegg til andre plassar i landet og utanlands.



Fleire har vore og floge i utlandet, mellom anna Spania, Italia, Mexico, Austerrike og Danmark.

## Uhell/ulukker

Under SIV-kurset braut ein foten i starten før han kom i lufta. I tillegg var det ein som skada skuldra så kraftig under landing på ein tur i Mexico at han måtte sette inn protese. Vi ynskjer begge god betring og håper at vi ser dei på start og i lufta snart.

Så må vi minne alle om at både uhell og nesten uhell skal meldast inn til NLF.

Styre vil takke alle i klubben for et fint år i  
2017 og håpe på et like bra 2018!